

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 08.03.2005
Sakshandsamar: Anne May Sønstabø og Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 31. JANUAR 2005

Styresak 31/05 B

Styremøte 15.03. 2005

Bakgrunn

Denne rapporteringa er gjort med utgangspunkt i helseføretaka si rapportering pr. januar. Det er halde stort fokus på avslutning av årsrekneskapen 2004 og rapporteringa pr. januar vil såleis bære preg av at føretaka ikkje har fått tid til å gå grundig inn i tala og analysert desse. Tala er derfor i stor grad basert på avsetningar, både på inntekt og kostnadssida og denne saka må derfor sjåast på som ei avgrensa rapportering på status for januar månad.

Januarrapporteringa har likevel ein verdi i høve til å få tidlege signal om produksjonsutviklinga og utviklinga i lønskostnader sett opp mot fjoråret. Helseføretaka har lagt opp til ein relativt stor produksjonsvekst og kostnader som følgjer aktivitetsnivået. Dersom helseføretaka ikkje når produksjonsnivået vil det vera nødvendig med tilpassing av kostnadssida. Slike signal er det viktig å fange opp på eit tidleg stadium.

Helse Vest IKT AS ligg i januar ikkje inne i konsernrapporteringa, men ein tar sikte på at rapporteringa er komplett frå februar.

Kommentarar

1. Resultat for konsernet

Økonomirapportering pr. JANUAR 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	JANUAR						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivingar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-19,3	-14,0	-5,3	6,2	-13,1	-17,6	4,5
Helse Fonna HF	-4,9	-4,2	-0,7	4,6	-0,3	-5,5	5,2
Helse Bergen HF	-20,8	-20,8	-	15,4	-5,4	-31,2	25,8
Helse Førde HF	-1,7	-7,4	5,7	4,1	2,4	-0,1	2,5
Apoteka Vest HF	-0,6	-0,8	0,2		-0,6	0,8	-1,4
Kjøp av helsetenester	5,4	5,4	-		5,4	-4,2	9,6
Helse Vest RHF	-5,1	-5,6	0,5		-5,1	-2,3	-2,8
Sum føretaksgruppa	-47,0	-47,3	0,3	30,3	-16,7	-60,1	43,4

To av helseføretaka har pr. januar avvik av betydning. Helse Stavanger har eit negativt avvik på kr 5,3 mill medan Helse Førde har eit positivt avvik på kr 5,7 mill.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i hele tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-74,0	-74,0	-186,1	0,0	112,1
Helse Fonna HF	-76,0	-76,0	-104,6	0,0	28,6
Helse Bergen HF	-315,0	-315,0	-487,1	0,0	172,1
Helse Førde HF	-85,0	-85,0	-112,5	0,0	27,5
Apotekene vest HF	0	0	-1,9	0,0	1,9
Kjøp av helsetenester	65,1	65,1	89,0	0,0	-23,9
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-43,2	0,0	-21,9
Sum føretaksgruppa	-550,0	-550,0	-846,4	0,0	296,4
Meiravskrivingar	364	364	364		
Resultat justert for meiravskr.	-186,0	-186,0	-482,4	0,0	296,4

Alle føretaka leverer prognosar som er i tråd med budsjettvedtaka. Dette har samanheng med at det berre har gått ein månad av budsjettåret og at det førebels er for tidlig å seie om signal ein ser allereie no er trendar som vil forsterke seg utover året og som vil gje avvik mot budsjettet. I tillegg er mange av dei sentrale rekneskapstala basert på estimat. Samtlige føretak styrer difor etter ein prognose som er lik budsjett.

2. Verksemdene

2.1 Generelle kommentarar

Helseføretaka har i rapporteringa lagt til grunn dei budsjettvedtak som er fatta tidlegare kor resultatet viser eit underskot på kr 186 mill. Helseføretaka har og lagt til grunn ulike prinsipp for berekning av avskrivingar. I rapporteringa er desse tala justert for at dei skal bli samanliknbare og resultatet blir difor vist med og utan meiravskrivingar.

Det er knytt uvisse til ISF inntekta i helseføretaka då ein i ulik grad har klart å implementere dei nye DRG vektene som er gjeldande for 2005. Dette vil difor påverka kvaliteten på rapporteringa og ein må difor foreta dei endelege justeringane i samband med februar rapporteringa. I tillegg har alle HF'a budsjettert med relativt stor auke i DRG-produksjonen sett opp mot fjoråret. Det er vanskeleg å ha ei bestemt oppfatning om utviklinga i produksjonen berre med utgangspunkt i ein månad, men det er likevel grunn til å ha ei tett oppfølging av utviklinga og vera rask med å setje inn korrigierende tiltak dersom føresetnadene om vekst ikkje held.

2.2. Helse Stavanger HF

Samandragsrapport pr.:

JAN 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	21 279	9,1 %	23 150	9,5 %	22 193	10,1 %	233 556	233 556	0
ISF	79 720	34,0 %	86 277	35,4 %	55 858	25,3 %	997 551	997 551	0
Rammetilskot	128 416	54,7 %	127 555	52,3 %	139 740	63,4 %	1 557 978	1 557 978	0
Andre inntekter	5 141	2,2 %	6 891	2,8 %	2 574	1,2 %	81 260	81 260	0
Sum driftsinntekter	234 556	100,0 %	243 873	100,0 %	220 365	100,0 %	2 870 345	2 870 345	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	26 361	11,2 %	28 923	11,9 %	28 264	12,8 %	336 369	336 369	0
Løns- og personalkostnader	180 991	77,2 %	180 558	74,0 %	172 152	78,1 %	2 037 474	2 037 474	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	40 301	17,2 %	41 855	17,2 %	37 585	17,1 %	492 205	492 205	0
Sum driftsutgifter	247 653	105,6 %	251 336	103,1 %	238 001	108,0 %	2 866 048	2 866 048	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-13 097	-5,6 %	-7 463	-3,1 %	-17 636	0	4 297	4 297	0
Netto finans	-8		-300		-11		-3 600	-3 600	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-13 105		-7 763		-17 647	0	697	697	0
- Meiravskrivning	6 199		6 199				74 391	74 391	0
Resultat	-19 304	0	-13 962	0	-17 647	0	-73 694	-73 694	0

Helse Stavanger har eit negativt avvik mot budsjett på kr 5,3 mill. På kostnadssida er det eit positivt avvik på kr 3,7 mill dvs. 1,5 %. På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 9,3 mill (3,8 %). Avviket heng primært saman med mindre produksjon av DRG poeng enn det ein i budsjettet har lagt opp til.

Helse Stavanger har eit negativt avvik på ISF-inntektene som utgjør 7,6 %. Hvis vi ser på talet på sjukehusopphald i januar i år samanlikna med januar 2004 burde ikkje avviket vore så stort, men aktiviteten har generert færre DRG-poeng enn det som var budsjettet. Helse Stavanger har bedt Analysesenteret Louvisenberg AS om hjelp med å finna forklaringsfaktorar på kvifor aktiviteten har generert så få DRG-poeng i januar.

Helse Stavanger har òg eit negativt avvik på dei polikliniske inntektene på 8 %. I seg sjølv er ikkje dette nødvendigvis så alvorlig sidan budsjettet er periodisert med høge inntekter i januar. Ein vil derfor sjå an utviklinga i dei komande månadene før ein seier noko meir bastant om avvik for polikliniske inntekter.

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2003 til 2004
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	21 279	22 193	-4,1 %
ISF	79 720	55 858	42,7 %
Rammetilskot	128 416	139 740	-8,1 %
Andre inntekter	5 141	2 574	99,7 %
Sum driftsinntekter	234 556	220 365	6,4 %
	Rekneskap	Rekneskap	
Varekostnader	26 361	28 264	-6,7 %
Løns- og personalkostnader	180 991	172 152	5,1 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	40 301	37 585	7,2 %
Sum driftsutgifter	247 653	238 001	4,1 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-13 097	-17 636	-25,7 %
Netto finans	-8	-11	-27,3 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-13 105	-17 647	-25,7 %
- korreksjon avskrivningar	6 199	6 199	
Resultat	-19 304	-23 846	-19,0 %

Januarrekneskapen er i stor grad prega av avsetningar. Dette vil kunne påverke samanlikninga mellom dei to åra på dei ulike kostnadsartane og dette kan vere forklaringa på at det er relativt stor vekst i lønnskostnadene medan varekostnader har ei endå større reduksjon. Dette må analyserast nærare i februarrapporteringa når ein har sikrare tal.

Helse Stavanger HF
PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil i år		2004	Prognose	Heile året	
		Plan -05	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	3 514	0	3 514	3 671	0	0	0
Dagkirurgi/dagbeh.	2 515	0	2 515	2 293	0	0	0
DRG-poeng	4 381	4 741	-360	4 765	54 823	54 823	0
Pol. konsultasjonar	0	0	0	15 381	0	0	0
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	8 381	8 942	-561	9 140	107 300	107 300	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	1 581	1 700	-119	2 364	20 400	20 400	0
Pol. konsultasjonar	6 346	5 833	513	4 960	70 000	70 000	0

Helse Stavanger sine plantal på produksjon av DRG-poeng og sjukehusopphald er ikkje klare enno. Dette har samband med at ein ikkje har rukke å kjøre plantala for alle klinikkane gjennom den nye DRG-grupperaren. Plantalet på DRG-poeng er estimert ut frå budsjetterte ISF-inntekter. Så langt i året er det eit negativt avvik på DRG poeng. Som allereie nemnt er det sett i gang analysar for å finna ut av årsakene til avviket.

På psykiatri ligg Helse Stavanger etter planen både på talet på opphaldsdøgn og opphaldsdagar for dagpasientar medan talet på polikliniske konsultasjonar ligg noko over planen. Prognosen for heile året tilseier at ein vil nå planen.

2.3 Helse Fonna HF

Samandragsrapport pr.:

JAN 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik		
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	9 617	6,9 %	9 945	7,1 %	9 617	6,9 %	112 133	112 133	0		
ISF	45 263	32,7 %	47 666	33,9 %	45 263	32,7 %	523 598	523 598	0		
Rammetilskot	79 076	57,1 %	79 047	56,2 %	79 076	57,1 %	940 018	940 018	0		
Andre inntekter	4 492	3,2 %	3 900	2,8 %	4 492	3,2 %	49 400	49 400	0		
Sum driftsinntekter	138 448	100,0 %	140 558	100,0 %	138 448	100,0 %	1 625 149	1 625 149	0		
	Regnskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik		
Varekostnader	13 494	9,7 %	13 324	9,5 %	13 494	9,7 %	158 094	158 094	0		
Løns- og personalkostnader	99 851	72,1 %	98 483	70,1 %	99 851	72,1 %	1 152 393	1 152 393	0		
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	25 505	18,4 %	28 286	20,1 %	25 503	18,4 %	333 679	333 679	0		
Sum driftsutgifter	138 850	100,3 %	140 093	99,7 %	138 848	100,3 %	1 644 166	1 644 166	0		
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-402	-0,3 %	466	0,3 %	-400	-0,3 %	-19 017	-19 017	0		
Netto finans	147		0		147		-1 000	-1 000	0		
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0		
Resultat ekskl. meiravskrivning	-255		466		-253		-20 017	-20 017	0		
- Meiravskrivning	4 640		4 640				55 679	55 679	0		
Resultat	-4 894	0	-4 174	0	-253	0	-75 696	-75 696	0		

Resultatet pr. januar inneheld stor uvisse då både inntekter og kostnader i stor grad er estimerte. Inntekta knytt til DRG produksjon er estimert då ein har hatt fokus på etterregistreringa av ISF heilt fram til 14. februar og det er derfor ikkje mogleg å ha korrekte inntekter før etter rapporteringa pr. februar. Det er likevel eit negativt avvik på ISF inntekta som det er all grunn til å gi full fokus og vere førebudd på å sette inn korrigerande tiltak dersom dette er ein trend. På kostnadssida er det lønskostnader som har dei sikraste anslaga og her er det eit negativt avvik på kr 1,3 mill. Andre driftskostnader viser eit positivt avvik, men det skal understrekast at denne inneheld mykje avsetningar og er derfor usikker. Budsjettala er også usikre i forhold til periodisering og det kan derfor være nødvendig å gjera justeringar på desse i samband med rapporteringa pr. februar.

%-vis endring frå 2004 til 2005

JAN 2005

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		%vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	9 617	9 869	-2,6 %
ISF	45 263	27 521	64,5 %
Rammetilskot	79 076	86 089	-8,1 %
Andre inntekter	4 492	2 772	62,0 %
Sum driftsinntekter	138 448	126 251	9,7 %
	Regnskap	Regnskap	
Varekostnader	13 494	12 142	11,1 %
Løns- og personalkostnader	99 851	97 292	2,6 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	25 505	22 515	13,3 %
Sum driftsutgifter	138 850	131 949	5,2 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-402	-5 698	-93,0 %
Netto finans	147	152	-3,3 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-255	-5 546	-95,4 %
- korreksjon avskrivningar	4 640	4 640	
Resultat	-4 894	-10 186	-51,9 %

Resultatet jamført mot fjoråret viser ei positiv utvikling kor inntektene har auka med 9,7 % medan kostnadane har auka med 5,2 %. I denne inntektsauka legg det inne tilskot til auka el-avgift, opptrapping psykiatri og auke i tilskot til sjuketransport frå 50% til 75%. Sjølv om ein tar desse forholda med i vurderinga er resultatet kr 5,3 mill betre enn i fjor.

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil		2004	Prognose	Heile året	
		Plan -05	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	2 217	2 228	-11	2 289	25 131	25 131	0
Dagkirurgi/dagbeh.	1 084	1 124	-40	953	12 750	12 750	0
DRG-poeng	2 473	2 623	-150	2 525	28 777	28 777	0
Pol. konsultasjonar	7 362	8 335	-973	7 438	91 450	91 450	0
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	6 322	7 368	-1 046	6 936	78 568	78 568	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	599	693	-94	652	7 700	7 700	0
Pol. konsultasjonar	2 794	2 785	9	2 691	34 700	34 700	0

Produksjonstala er uvisse og er estimert for januar. Dei viser likevel eit negativt avvik og det er all grunn til å ha særskild fokus på desse og vere førebudd på å sette inn tiltak for å sikre at ein styrar inn mot budsjettet. Helse Fonna vil kome nærare tilbake med tiltaksplan i samband med rapporteringa pr. februar.

2.4 Helse Bergen HF

Samandragrapport pr.:

JAN 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år		2004		Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	34 748	8,7 %	34 748	8,7 %	416 497	416 497	0
ISF	120 998	30,4 %	120 998	30,4 %	1 533 518	1 533 518	0
Rammetilskot	231 872	58,2 %	231 872	58,2 %	2 734 072	2 734 072	0
Andre inntekter	10 955	2,7 %	10 955	2,7 %	187 855	187 855	0
Sum driftsinntekter	398 573	100 %	398 573	100,0 %	4 871 942	4 871 942	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	68 761	17,3 %	68 761	17,3 %	770 595	770 595	0
Løns- og personalkostnader	285 611	71,7 %	285 611	71,7 %	3 547 835	3 547 835	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	49 035	12,3 %	49 035	12,3 %	674 511	674 511	0
Sum driftsutgifter	403 408	101,2 %	403 408	101,2 %	4 992 942	4 992 942	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-4 835	-1,2 %	-4 835	-1,2 %	-121 000	-121 000	0
Netto finans	-539		-539		-9 000	-9 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-5 374		-5 374		-130 000	-130 000	0
- Meiravskrivning	15 417		15 417		185 000	185 000	0
Resultat	-20 791	0	-20 791	0	-315 000	-315 000	0

Helse Bergen leverer eit resultat som er i balanse med budsjett. Budsjettet er ikkje ferdig periodisert før til rapporteringa for februar månad. I rekneskapen for januar er ein del beløp òg basert på avsetningar. Dette gjeld m.a.. ISF-inntekt som var basert på gammal DRG-grupperer. Ny grupperer var ikkje installert før rundt 20.feb. Det er difor vanskeleg å seie noko presist om utviklinga så langt i året i Helse Bergen.

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	34 748	31 466	10,4 %
ISF	120 998	80 975	49,4 %
Rammetilskot	231 872	252 300	-8,1 %
Andre inntekter	10 955	19 977	-45,2 %
Sum driftsinntekter	398 573	384 717	3,6 %
	Rekneskap	Rekneskap	
Varekostnader	68 761	61 166	12,4 %
Løns- og personalkostnader	285 611	285 523	0,0 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	49 035	68 784	-28,7 %
Sum driftsutgifter	403 408	415 474	-2,9 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-4 835	-30 756	-84,3 %
Netto finans	-539	-413	
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-5 374	-31 169	-82,8 %
- korreksjon avskrivningar	15 417	15 417	
Resultat	-20 791	-46 586	-55,4 %

Januarrapporteringa i 2004 var svært mangelfull. Samanlikna med fjoråret er resultatet forbetra med 55,4 %. Tala på lønskostnadene er eit av dei tala som vil vere minst usikkert. Samanlikna med fjoråret er lønskostnaden uendra. Sett opp mot at det har vore ein lønsvekst er det her ein realnedgang i lønskostnadene.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	5 281	5 281	0	5 396	0	0	0
Dagkirurgi/dagbeh.	3 234	3 234	0	2 867	0	0	0
DRG-poeng	6 701	6 701	0	6 741	84 282	84 282	0
Pol. konsultasjonar	25 543	23 996	1 547	23 996	0	0	0
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	11 345	10 342	1 003	11 800	122 135	122 135	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	530	684	-154	776	7 091	7 091	0
Pol. konsultasjonar	4 730	5 087	-357	4 085	58 380	58 380	0

Helse Bergen har estimert DRG-produksjonen til å liggje på same nivå som i januar i fjor. Talet på polikliniske konsultasjonar ligg 6,4 % over plantala. Innan psykiatri er talet på opphaldsdøgn 9,7 % høgare enn planlagt. Talet er likevel 3,9 % under talet for i fjor.

2.5 Helse Førde HF

Samandragsrapport pr.:

JAN 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Regneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Regneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	7 637	6,9 %	7 637	6,6 %	6 575	6,3 %	90 627	90 627	0
ISF	33 398	30,1 %	36 314	31,3 %	21 125	20,2 %	419 092	419 092	0
Rammetilskot	67 330	60,6 %	67 330	58,1 %	74 595	71,4 %	809 332	809 332	0
Andre inntekter	2 732	2,5 %	4 574	3,9 %	2 205	2,1 %	47 609	47 609	0
Sum driftsinntekter	111 097	100,0 %	115 855	100,0 %	104 499	100,0 %	1 366 660	1 366 660	0
	Regnskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	9 668	8,7 %	23 272	20,1 %	13 113	12,5 %	285 013	285 013	0
Løns- og personalkostnader	79 012	71,1 %	76 060	65,7 %	71 536	68,5 %	897 693	897 693	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	19 945	18,0 %	19 659	17,0 %	19 916	19,1 %	217 536	217 536	0
Sum driftsutgifter	108 625	97,8 %	118 991	102,7 %	104 564	100,1 %	1 400 242	1 400 242	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	2 472	2,2 %	-3 137	-2,7 %	-65	-0,1 %	-33 582	-33 582	0
Netto finans	-126		-208		-66		-2 500	-2 500	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	2 346		-3 345		-132	0	-36 082	-36 082	0
- Meiravskrivning	4 080		4 080				48 959	48 959	0
Resultat	-1 734	0	-7 425	0	-132	0	-85 041	-85 041	0

Helse Førde har for januar eit resultat som er kr 5,7 mill betre enn budsjett. I dette avviket er det eit negativt avvik på inntektene på kr 4,8 mill, kor ISF inntektene utgjør kr 2,9 mill. Dette skuldast ein lågare produksjon enn planlagt på 177 DRG poeng. Det er ein usikkerheit i DRG talet då poenga er berekna med basis i 2004-vektar. Denne vil bli retta opp i samband med februarrapporteringa. Andre inntekter har også eit negativt avvik på kr 1,8 mill. Helse Førde har ikkje fått analysert årsaka enno, men dette skuldast truleg at ein ikkje er å jour med utfaktureringa pr. januar.

På kostnadssida er det bokført kr 10,3 mill lågare kostnad enn budsjett. Det er ein mindreforbruk på kjøp av helsetenester, men her kan det òg ligge for lite avsetning til faktiske kostnader. Lønnskostnadane ligg kr 3 mill høgare enn budsjett. Dette avviket er etter lønnskjøring pr februar redusert til kr 1,5 mill. Dette heng delvis saman med etterslep av refusjon sjukepengar og er difor i første omgang eit periodiseringsproblem. Helse Førde vil arbeide med å kvalitetssikre tala og i størst muleg grad fange opp desse periodiseringsproblema ved rapporteringa pr. februar.

REGNSKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Regneskap	Regneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	7 637	6 575	16,2 %
ISF	33 398	21 125	58,1 %
Rammetilskot	67 330	74 595	-9,7 %
Andre inntekter	2 732	2 205	23,9 %
Sum driftsinntekter	111 097	104 499	6,3 %
	Regnskap	Regnskap	
Varekostnader	9 668	13 113	-26,3 %
Løns- og personalkostnader	79 012	71 536	10,5 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	19 945	19 916	0,1 %
Sum driftsutgifter	108 625	104 564	3,9 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	2 472	-65	-3894,5 %
Netto finans	-126	-66	89,8 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	2 346	-132	-1883,6 %
- korreksjon avskrivningar	4 080	4 080	
Resultat	-1 734	-4 211	-58,8 %

Januartala var usikre både i år og fjoråret. Avvik mot fjoråret på varekostnad og løn må følgjast nærare opp mot februarrapporteringa for å finna ut om avviket skuldast reelle endringar eller om dette skuldast endra klassifisering på kostnadene.

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil		2004	Prognose	Heile året	
		Plan -05	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	1 727	1 775	-48	1 763	20 400	20 400	0
Dagkirurgi/dagbeh.	661	531	130	512	7 100	7 100	0
DRG-poeng	1 772	1 949	-177	1 793	22 884	22 884	0
Pol. konsultasjonar	8 889	8 800	89	8 569	99 000	99 000	0
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	3 064	2 572	492	2 604	30 460	30 460	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	47	100	-53	119	1 080	1 080	0
Pol. konsultasjonar	2 306	2 300	6	2 113	24 400	24 400	0

Det er ikkje utarbeidd endelege aktivitetsrapportar pga at dei nye DRG vektene for 2005 ikkje var klare på rapporteringstidspunktet. Førebelse tal viser ein reduksjon på DRG poeng med 9 % medan ei jamføring mot fjoråret viser ein nedgang på 1,2 %. Polikliniske konsultasjonar ligg 1 % over budsjett og 3,7 % over fjoråret. Innan psykiatri er det ein høgare aktivitet innan vaksenpsykiatri, både overnattingsdøgn og poliklinikk. Innan barne- og ungdomspsykiatri er det fleire overnattingsdøgn enn budsjettet, men færre polikliniske konsultasjonar.

2.6 Apoteka Vest HF

Sammendragsrapport pr.: JAN 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	36 645	100 %	35 365	100 %	34 236		437 677	437 677	0
Varekostnader	29 686	81,0 %	27 847	78,7 %	26 708	78,0 %	344 646	344 646	0
Løns- og personalkostnader	6 156	16,8 %	6 585	18,6 %	5 522	16,1 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	1 452	4,0 %	1 738	4,9 %	1 280	3,7 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	37 294	101,8 %	36 170	102,3 %	33 510	97,9 %	437 927	437 927	0
Driftsresultat	-649		-805		726		-250	-250	0
Netto finans	34		21		37		250	250	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	-615		-784		763		0	0	0

Apoteka har pr. januar eit resultat som viser eit positivt avvik mot budsjett på kr 0,169 mill. Varekostnaden er høgare enn føresett i budsjett medan løn og andre driftskostnader er lågare enn budsjett.

2.7 Kjøp av helsetenester

Samandragrapport pr.: JAN 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	322 827	33,7 %	322 827	33,7 %	3 875 474	3 875 474	0
Rammetilskot	633 933	66,2 %	633 933	66,2 %	7 610 248	7 610 248	0
Andre inntekter	301	0,0 %	301	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	957 061	100,0 %	957 061	100,0 %	11 489 335	11 489 335	0
Varekostnader	930 881	97,3 %	930 881	97,3 %	11 175 038	11 175 038	0
Løns- og personalkostnader	23	0,0 %	23	0,0 %	278	278	0
Andre driftskostnader	20 734	2,2 %	20 734	2,2 %	248 903	248 903	0
Sum driftsutgifter	951 638	99,4 %	951 638	99,4 %	11 424 219	11 424 219	0
Driftsresultat	5 423		5 423		65 116	65 116	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	5 423		5 423		65 116	65 116	0

Resultatet for kjøp av helsetenester er estimert lik budsjett for januar. Dette skuldast at ein har måtta prioritere avstemmingar knytt til årsavslutninga 2004 og såleis ikkje har fått gjennomført avstemming mellom RHF og helseføretaka for januar. Denne avstemminga er heilt nødvendig for å kunne fastsetje resultatet for kjøp av helsetenester.

2.8 Helse Vest administrasjon

Samandragsrapport pr.: JAN 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	0	0	0	0	0	0
Varekostnader	35	0	35	0	0	0
Løns- og personalkostnader	1 860	2 351	-491	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	3 240	3 283	-43	39 080	39 080	0
Sum driftsutgifter	5 135	5 634	-499	65 117	65 117	0
Driftsresultat	-5 135	-5 634	499	-65 117	-65 117	0
Netto finans	11	0	11	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-5 124	-5 634	510	-65 117	-65 117	0


Resultatet i administrasjonen er kr 0,5 mill betre enn budsjettet. Andre driftskostnader er i stor grad estimert

På lønskostnader er det eit positivt avvik. Budsjett til nasjonalt leiarutviklingsprogram ligg under denne posten, men ein har ikkje gjort rekneskapsmessige avsetningar som svarar til budsjettet.

Førebels legg ein til grunn ein prognose lik budsjett for administrasjonen sitt budsjett.

3. Likviditet


Likviditetsbudsjett er utarbeidd med basis i helseføretaka sine tal. I tillegg vil ein måtte betale reguleringspremie til KLP på vel kr 400 mill som også vil vere med å auke det likviditetsunderskotet ein har med seg inn i 2005.




Helse Vest vil ta opp problemstillinga knytt til driftskredittramma med Helse- og Omsorgsdepartementet og be om at ein får auka driftskredittramma til kr 1,4 mrd. Vi viser i den samanheng til styresak 32/05 B Justert konsernbudsjett 2005 der Helse Vest legg fram forslag til vedtak om å søkje om auka driftskredittramme.


4. Sjukefråvær og månadsverk

Grafane under viser at alle helseføretaka har hatt ein reduksjon i talet på månadsverk samanlikna med januar 2004. Det står framleis att arbeid med å få standardisert månadsverksrapporteringa opp mot felles definisjonar. Målet er at det skal kunna gjennomførast pålitelege samanlikningar frå ein måned til ein annan både for det einskilde HF'et og på tvers av HF'a.





Sjukefråvær



Det har i 2004 vore arbeidd målretta for å redusera sjukefråveret. Utviklinga i sjukefråveret frå januar 2004 til januar 2005 viser at arbeidet har gitt tydelege resultat. Alle helseføretaka har klart betydelege reduksjonar i sjukefråveret. Bak desse tala skjuler det seg store variasjonar frå klinikk til klinikk og avdeling til avdeling. Medan nokre avdelingar nærmast ikkje har sjukefråvær kan andre avdelinga ha fråvær på bortimot 10 %. Systematisk arbeid med sjukefråveret er eit arbeid som må pågå kontinuerlig og som difor vil vera eit satsingsområde òg i 2005.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 31. januar til etterretning

II. Økonomi

Resultat

Månad: AKKUMULERT JANUAR 2005

	Helse stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Apotekene Vest HF		Helse Vest RHF		Helse Vest ADM.		Interne trans.		Konsern	
	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett
Poliklinikk (inkl. elgenbetaling)	21279	-1871	9617	-328	34748	0	7637	0	0	0	0	0	0	0	0	0	73281	-2199
ISF (DRG-inntekter)	79721	-6552	45263	-2403	120686	0	32767	-3547	0	0	313935	0	0	0	0	0	592372	-12502
Gjestepasientar	-1	-5	0	0	312	0	631	631	0	0	8892	0	0	0	0	0	9834	626
Rammetilskot	128416	861	79076	29	231872	0	67330	1	0	0	633933	0	0	0	-506694	-891	633933	0
Andre inntekter	5141	-1750	4492	592	10955	0	2732	-1842	36645	1280	301	0	0	0	0	0	60266	-1720
SUM DRIFTSINTEKTER	234556	-9317	138448	-2110	398573	0	111097	-4758	36645	1280	957061	0	0	0	-506694	-891	1369686	-15795
Varekostnad	26361	-2562	13494	170	68761	0	9668	-13604	29686	1839	930881	0	35	35	-506694	-891	572192	-15013
Personalkostnad	180991	433	99851	1368	285611	0	79012	2952	6156	-429	23	0	1860	-491	0	0	653504	3833
Andre driftskostnader *)	40333	-1554	25478	-2781	49035	0	19942	286	1452	-286	20734	0	3240	-43	0	0	160214	-4378
SUM KOSTNADER *)	247685	-3683	138823	-1243	403408	0	108622	-10366	37294	1124	951638	0	5135	-499	-506694	-891	1385911	-15558
DRIFTSRESULTAT *)	-13129	-5634	-375	-867	-4835	0	2475	5609	-649	156	5423	0	-5135	499	0	0	-16224	-238
NETTO FINANSRESULTAT *)	-8	292	147	147	-539	0	-126	82	34	13	0	0	11	11	0	0	-481	545
EKSTRAORDINÆRE POSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
RESULTAT *)	-13137	-5342	-228	-720	-5374	0	2349	5691	-615	169	5423	0	-5124	510	0	0	-16706	308
Meiravskriving	6167		4667		15417		4083										30333	0
RESULTAT	-19304	-5342	-4894	-720	-20791	0	-1734	5691	-615	169	5423	0	-5124	510	0	0	-47039	308

*) Eksklusive meiravskrivingar knytt til opningsbalansen og kortare avskrivingstid

